Førsteblad



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11 — Fylke: Oppland

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Ringebu

Emne: Ymse attåtfor — Bygdelag: Venabygd

Oppskr. av: Einar Hovdhaugen — Gard: Venåsen

(adresse): Venabygd — G.nr. 3 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I. Ikkje nytta.

II. Ikkje nytta.

IV.

1. Hestemøkk var vanleg nytta til for for ein 30-50 år sidan. Mange gardar gav hestemøkka til for ein 15-20 år sidan, men nå e det heilt slutt.
2. Som regel vart hestemøkka blanda med agner, høymo o.l.
3. Hestemøkka vart frå gamalt ofte kokt i store gryter eller panner. I seinare tid helst blanda med agner og gjort som sørpe.

V.

1. Sørpe e enda vanleg nytta her. Ein koker ikkje sørpa, men slår varmt eller kaldt vatten på ho. Før i tida vart sørpa alltid gjort i sørpekakken. Det var ein stor lagga trekopp.



Sørpekakk.

2. Ein lagar sörpe av agner, hakkels, höymo osv. Det hender ein strör på mjöl og salt.
3. Mest kald sörpe. Før i tida gjerne brukt meire varmt vatten på sörpa.
4. Nei.
5. Nei.
6. Nei.
7. Det var før i tida vanleg koke laug til dyra og gje dei varmdrikke. Laug koktest på höy, törka poteteras, brennesle, höymo, einer osv. Det vart vanleg slutt med laugkoking for ein 30-50 år sidan, men sume dreiv med det heilt til for ein 15-20 år sidan.
Når ei ku hadde kalva fekk ho dreoju = varm mjöldrikke.

VI. Heilgje nytta

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 1898